

Nye uskedelingar på Eik.

10.09.2016



Bente Elin og Helge Nævdal.

**Redaksjonen synes det er svært positivt at det kjem so mange nye innflyttarar til Uskedalen. Idag har vi fått høve til å ta ein prat med dei nye eigarane av Eikevegen 6, nemleg Helge (61) og Bente Elin (56) Nævdal. Dei har budd i Arna, men har no seld huset der.**

Når Helge jobbar skal dei bu i ei campingvogn i Arna. Dei har tilsaman 6 barn og 8 barnebarn. I byrjinga syntes barna det var litt rart at dei skulle flytta so langt vekk, men no er alt bare bra.

Dei var på jakt etter noko nytt, ein stad ved sjøen. Helge hadde sett huset i Eikevegen. Ein dag spurte han Bente om dei ikkje skulle ta seg ei tur innover mot Uskedal/Rosendal. Det gjorde dei, og Helge stoppa 'tilfeldig' på Eik der han visste om eit hus som var til salgs. Dermed var det gjort, og dei blei nye huseigarar av Eikevegen 6. Dei har også skaffa seg båt og båtplass og likar godt fisketurar på fjorden.

Helge vart fødd i Drammen, men reiste saman med familien til Arna 6 år gammal. Der vaks han opp. Han har arbeidd som industriarbeidar hos Frank Mohn i 44 år. Bente omtalar mannen som ein svært handy mann med spesiell interesse for motorsyklar. Om eit år pensjonerer han seg, og då flyttar dei til Uskedalen for godt.  
- Eg tel månader, seier han, og juni neste år bur vi i Uskedalen.

Bente Elin er fødd i Bergen, men flytta til Hylkje i Nordhordland og vaks opp der. Ho har arbeidd som hjelpepleiar innan utviklingshemma. Ho er meir enn vanleg interessert i dans og har lyst å få til eit kurs her i Uskedalen, til dømes swingkurs. Hagen er ho også oppteken av.

- Eg har ein draum, seier ho, eg vil ha høns i hagen.

Når dei har fått huset i orden har dei lyst å bli med på ting som skjer i Uskedalen.

- Kjempefint, svarar vi.

Uskedalen.no ynskjer dei hjarteleg velkomne!

Tekst og foto: Reidar Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland